

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
433.0	Knut Øyjordet	06.10.21	39/21

## KARTLEGGING OG VERDSETTING AV FRILUFTSOMRÅDE I KOMMUNEN - HØYRING

*Saksdokument:*

Brev frå kommunen av 13.07.21 med vedlegg, inkludert sak 41/2021 i kommunestyret.

*Saksutgreiing og vurdering:*

Kommunen har utarbeidd eit utkast til kartlegging og verdsetting av friluftsområde i kommunen, som er sendt på høyring og med høyningsfrist 25. september. Brevet og saka i kommunestyret er kopiert og vedlagt saka. Sjølve planen er å finne på kommunen si heimeside (søk på «Friluftsområde»).

Eit mål med kartlegginga er å sikre at viktige friluftslivsområde blir ivaretake i offentleg forvaltning og planlegging. God tilgang til friluftslivsområde er ein ressurs både i folkehelsesamanheng og også innan naturbasert reiseliv. Kartlegginga vil gje eit betre grunnlag for ivareta friluftslivsinteressene i arealplanlegging og behandling av enkeltsaker. Og som det står i følgjebrevet elles vil det gje betre grunnlag for meir målretta forvaltning og underlag for eventuelle søknader om midlar, samt vere eit godt grunnlag om ein skal utarbeide stig- og løypeplan. Kartlegginga er ikkje juridisk bindande og avvegning mot andre interesser er ikkje ein del av kartlegginga. Etter som heile kommunen kan nyttast til friluftsliv, har ein vald å lage så store flater som mogleg og ikkje detaljere for mykje.

I verdsettinga av områda har kommunen valt å bruke «viktig» og «svært viktig» om alle områda. Det er berre eitt område som heiter Vågå aust i Sjodalen som har fått kategori registrert friluftsområde. Det blir peikt på at dette er eit viktig naturområde, samt beiteområde for tamrein og geit, og det er såleis ikkje ønskjeleg med auka trafikk inn i dette området.

*Vurdering:*

Kartlegginga og forslag til verdsetting ser i hovudsak ut til å vera i tråd med dagens tilrettelegging og bruk av områda til friluftsliv i Langmorkje og Nordherad statsallmenningar.

**Innstilling til vedtak:**

Fjellstyret har ingen vesentlege merknader til kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde som er sendt på høyring. Fjellstyret registrerer at dette er ei «grov» kartlegging, og at det blir vanskeleg å setje nøyaktige grenser mellom områda i verdsettinga. Kartlegging og verdsetting er heller ikkje juridisk bindande, og enkeltsaker med spørsmål om tilrettelegging for friluftsliv må uansett bli gjenstand for behandling, som for fjellstyret og Statskog blir etter reglane i Fjellova for saker på statsallmenning. Fjellstyret støttar at store delar av områda aust for Sjodalen blir verdsett som «registrert friluftsområde» og er einig i grunngjevinga for det.

**Vedtak:**

Samrøystes: I høyring av kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i kommunen, så registrerer fjellstyret at dette er ei «grov» kartlegging, og at det blir vanskeleg å setje nøyaktige grenser mellom områda i verdsettinga. Kartlegging og verdsetting er heller ikkje juridisk bindande, og enkeltsaker med spørsmål om tilrettelegging for friluftsliv må uansett bli gjenstand for behandling, som for fjellstyret og Statskog blir etter reglane i Fjellova for saker på statsallmenning.

Fjellstyret støttar at store delar av områda aust for Sjodalen blir verdsett som «registrert friluftsområde» og er einig i grunngjevinga for det. Fjellstyret meiner at området vest for Sjodalen med områdenummer 197, som er foreslått med status «viktig friluftsområde», også må bli verdsett som «registrert friluftsområde» fordi dette området også er eit viktig beiteområde for husdyr og tamrein.

*Rett utskrift. Går til:*

Kommunen

*Kopi til:*

Statskog v/Hilde Hammer

Vågåmo, 06.10.21

Knut Øyjordet (e.f)